



Saksbehandlar: Inge Horstad, Anna Kristine Gytri, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 18/9228-43

## Rutekjøpssak 2020

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Ruteinnspele i **vedlegg 1** vert vedtekne slik dei ligg føre.
2. Administrative endringar sidan førre kjøpssak vert teke til orientering.

#### **Vedlegg:**

1. Ruteinnspel 2020
2. Ruteinnspel frå kommunar og andre – dokumentsamling

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Kollektivtilbodet lever og endrar seg stadig. For å sikre eit fungerande rutesystem må fylkeskommunen gjere mindre rutejusteringar etter behov, enten det dreiar seg om å justere for å betre ein korrespondanse, eller for å legge betre til rette for ei gruppe reisande.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har invitert brukarar av kollektivtilbodet til å kome med innspeil til forbetringar av tilbodet som skal gjelde frå ruteskiftet juni 2020.

I denne saka gjer vi greie for status innanfor kollektivområdet. Behov for justeringar i ruteproduksjonen og innkomne innspeil til endringar vert drøfta.

Vanlegvis har rutekjøpssaka vore kopla mot budsjettprosessen. På denne måten har vi kunna justere ruteomfanget i tråd med økonomiske rammer og det har vore høve til å justere dei økonomiske rammene dersom det politisk har vore ynskje om å prioritere konkrete satsingar.

Det endelege rutetilbodet tilpassa budsjettet i Vestland fylkeskommune vil vere ein prosess på utsida av denne saka. Denne saka avgrensar seg til å vurdere behov for justeringar innanfor dagens økonomiske ramme. Dersom det er politisk ynskje om å løfte fram tiltak, vil det vere høve å spele dei inn til budsjettprosessen i Vestland fylkeskommune.

### **2. Ruteproduksjonen i Sogn og Fjordane**

Fylkeskommunen kjøper rutetenester med både buss, båt og ferje.

## Rutekjøpsavtalar:

	<b>Bruttokostnad</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Kommunar/Helse Førde</b>	<b>Nettokostnad</b>
<b>Buss</b>	301 814	-78 744		223 070
<b>Lokalbåt</b>	112 173	-7 925	-11 726	92 522
<b>Bygderuter båt</b>	3 300			3 300
<b>Ekspressbåt</b>	128 171	-102 538		25 633
<b>Ferje</b>	187 285	-35 000		152 285
				<b>496 810</b>

Alle tal i 1000 kr. I tillegg kjem andre kostnadskomponentar som t.d. rutebilstasjonar, billettering, administrasjon m.m.

## **3. Innkomne ruteinnspe med fylkesdirektøren sine vurderingar**

Kvart år inviterer vi kommunar og andre interessentar til å komme med innspe til ruteendringar. Innsendarane kjem med ynskje om justeringar og forbetringar. Nokre innspe går på å bevare rutetilbod som er viktige for dei det gjeld, andre innspe gjeld større eller mindre tiltak som kan betre tilboden.

Mange ruter tener fleire ulike brukargrupper. Det å justere ei rute til gode for ei brukargruppe, kan gå utover ei anna. Det er i vurderingane lagt vekt på å prøve å sjå heilskapen, før det vert foreslått tiltak.

Totalt har det i år kome inn over 70 innspe frå omlag 30 ulike aktørar. I årets invitasjon til ruteinnspe var det gjort merksam på at årets rutekjøpssak er avgrensa til å gjelde innanfor dagens rammer. Tiltak som krev auka rammer vil det ikkje vere rom for å imøtekomme. Av innspela ser vi at innsendarane i hovudsak har retta seg etter dette.

Fleire kommunar melder behov for nye rutestrukturar som følgje av kommunereforma. Det er enno noko tidleg å vurdere korleis reisestraumane vil utvikle seg og kva tiltak som eventuelt kan vere aktuelle. Det vil vere naturleg å følgje utviklinga framover.

Vi har lagt alle innspela inn i ein tabell - vedlegg 1: Ruteinnspe 2020. Tabellen er todelt. Først kjem dei tiltaka som fylkesdirektøren heilt eller delvis tilrår å imøtekomme. Til sist kjem den delen der fylkesdirektøren tilrår avslag.

## **4. Administrative endringar sidan førre kjøpssak**

Fylkeskommunale ruter utgjer saman med andre aktørar sine ruter, som kommersielle ekspressbussar og statlege ferjeruter, kollektivsystemet i Sogn og Fjordane. Ved skifte hos andre ruteaktørar samt behovsendringar i t.d. skuleskyssen, oppstår det behov for å justere strukturane slik at rutene heng saman.

Fylkesdirektøren for samferdsle har fullmakt til å gjere mindre rutejusteringar undervegs gjennom året dersom det oppstår behov for justeringar mellom dei ordinære ruteperiodane.

### Indre Sogn

24. juni 2019 gjorde VY ei større endring på Sognebussen mellom Sogndal og Bergen. Fylkesdirektøren har justert ei rekke ruter for å få det totale rutetilbodet til å henge saman. Dei fleste rutefunksjonar er ivaretakne, men enkelte områder har fått svekka tilboden sitt.

Fylkesdirektøren ser at Aurland har mist fleire samband mot resten av fylket. For å ivareta vekependlande elevar som går på skule i Florø, Måløy, Eid, Sandane og Førde har fylkesdirektøren bestemt å opprette ei tilførselsrute frå Lærdal fredag kl. 18.05 til Flåm. Tilsvarande vert det oppretta ei rute frå Flåm søndag kl. 18.30 til Lærdal. Desse rutene vil og vere til nytte for andre reisande som vekependlar mellom Aurland og resten av fylket. Rutene startar opp etter haustferien (13/18 oktober) og skal berre gå i skuleperioden.

Totalt har fylkesdirektøren sett i verk tiltak for om lag kr. 100 000 i samband med omleggingane i indre Sogn.

#### Nye rute på kystvegekspresen

19. august 2019 vart det oppretta ei ny båtrute mellom Florø og Måløy. Det er ikkje sett av midlar til nye tilførselsruter med buss.

Fylkesdirektøren har gjort tilpassingar der bussruter mellom Hauge og Kalvåg går nedom Smørhamn i korrespondanse med båten. Desse endringane er gjort med minimal kostnadsauke. På denne måten kjem reisande med båten seg vidare til både Kalvåg og Hauge.

Reisande som skal vere med båten kjem seg frå Hauge. For reisande i Kalvåg som skal til båten er det ikkje etablert eit rutetilbod sidan det ville gi auka produksjon. Det vil koste om lag kr. 90 000 å etablere tilførselsrute til sørgåande båt vidare til Florø. Tilførsel til nordgåande båt kjem på same tidspunkt som skulerutene og kan krevje fleire vogner, kostnaden for slik tilførselsrute kan bli vesentleg dyrare.

## **5. Vurderingar**

Rutekjøpssaka i år er spesiell på den måten at den ikkje er direkte kopla mot budsjettprosessen. Saka avgrensar seg difor til å gjøre mindre justeringar innanfor gjeldande tenestenivå. Budsjettprosessen vert styrt av fellesnemnda i Vestland og det nye fylkestinget når det kjem på plass. Det er likevel slik at dersom det er tiltak som det er politisk ynskje om skal spelast inn i budsjettprosessen, så er det høve til det.

Det er i år kome inn over 70 ruteinnspele, noko som er under det vanlege nivået. Når fylkesdirektøren bad om ruteinnspel vart det presisert at årets sak var avgrensa i forhold til økonomisk handlingsrom, noko vi ser av innspela, som i år i hovudsak er meir nøkterne.

Fylkesdirektøren set pris på det store engasjementet dei reisande og kommunane syner ved å sende inn innspel til forbetingar. Alle ruteinnspel er omtala og vurdert. Det er ei utfordring å omtale kvart enkelt ruteinnspel med tilstrekkeleg informasjon utan at volumet vert uhandterleg. Fylkesdirektøren har laga eit oppsett der det som vert vurdert som mest naudsynt er med.

Fleire innspel i år dreiar seg om nye behov knytt til kommunesamanslåing. Det er krevjande å spå korleis nye kommunegrenser vil innverke på reisemønster. Fylkesdirektøren rår difor til at det i denne omgang ikkje vert gjort strukturendringar, men at dette er ei utvikling som må følgjast spesielt i tida framover.

## **6. Konklusjon /tilråding**

### Ruteinnspel frå kommunar og andre

Alle innkomne ruteinnspel vert omtala i *vedlegg 1*. Innspel om auke i tenestenivå og innspel som fylkesdirektøren ikkje finn hensiktsmessige utifrå ei samla vurdering, vert ikkje tilrådd imøtekomne. Mindre tiltak som vert vurdert til å vere hensiktsmessige vert tilrådd imøtekomne.

Fylkesdirektøren har vurdert og gjeve tilråding på kvart einskild innspel.

### Administrative endringar

Fylkesdirektøren har etter fullmakt gjort mindre avbøtande tiltak i samband med omlegging av Sognebussen og ved etablering av ny båtrute Florø – Måløy.